



# BLIR DU LURT?

UNNGÅ ANBODSSAMARBEID VED INNKJØP



KONKURRANSE·  
TILSYNET  
The Competition Authority



**Anbodssamarbeid er blant dei alvorlegaste formene for økonomisk kriminalitet. Anbodssamarbeid inneber at konkurrentar samarbeider om prisar og vilkår før dei leverer anbod til oppdragsgivar, eller blir einige om at ein eller fleire av dei ikkje gir anbod.**

Anbodssamarbeid kan skje utan at det er synleg for deg som innkjøpar. Du kan tape både pengar og kvalitet i innkjøpet.

Her får du nokre enkle råd om korleis du kan unngå å bli lurt til å tru at du har valt det best mogelege anbodet. Dersom du er merksam på faresignal i anbodsprosessen, er du godt rusta til å redusere risikoen for å betale for mykje.

**KONTAKT ALLTID KONKURRANSETILSYNET  
DERSOM DU HAR MISTANKE  
OM EIT ULOVLEG SAMARBEID.**



# Du har ei viktig rolle!

---

**ANBODSSAMARBEID SKJER I DET SKJULTE,  
MEN DU SOM SIT TETT PÅ ANBODSPROSESSEN HAR  
EIT UNIKT HØVE TIL Å OPPDAGE SLIKT SAMARBEID.**

Kvart år kjøper staten og kommunane i Noreg varer og tenester for nærmere 300 milliardar kroner kvart år. Dersom bedrifter samarbeider om anbod, kan dei snyte fellesskapet for store summar. Internasjonale undersøkingar viser at prisane kan auke med 10–50 prosent når konkurrentar inngår ulovleg samarbeid.

Effektiv konkurranse mellom bedrifter er ein viktig føresetnad for lage priser, god kvalitet og innovasjon. Anbodssamarbeid kan heilt eller delvis øydeleggje dette.

## **KVA KJENNETEIKNAR ANBODSSAMARBEID?**

Ulovleg samarbeid ved anbodskonkurransar kan skje på mange måtar, og kan ofte vere vanskeleg å oppdage. Anbodssamarbeid kan gå over fleire år og femne om mange anbod. Anbodssamarbeid skjer i hovudsak på følgjande måtar:

### **Det blir ikkje gitt anbod**

Ei bedrift som elles ville lagt inn anbod, lèt vere å levere inn anbod eller trekkjer anbodet.

### **Anbodsrotasjon**

Dei aktuelle bedriftene skifter på å ha det beste anbodet.

### **Marknadsdeling**

Bedriftene har på førehand delt marknaden mellom seg geografisk, etter produkt, kvotar eller liknande.

### **Fiktive anbod**

Dette kan for eksempel vere anbod som tydeleg er prisa for høgt eller innehold krav som ikkje kan godtakast.

# Gjer deg kjend med marknaden

---

Dersom du gjer deg kjend med produkta, tilbydarane og marknadsforholda, er det lettare å utforme anbodsprosessen for å stimulere til sunn konkurranse. Dette vil vere særleg aktuelt dersom marknadsforholda legg til rette for samarbeid. Har du god kjennskap til utfallet i tilsvarende anbodsprosessar og samtidig er oppdatert på trendar i marknaden, er du godt rusta til å kunne vurdere kva som er akseptable prisar og andre krav.





## **ER NOKRE MARKNADER MEIR UTSETTE FOR ANBODSSAMARBEID ENN ANDRE?**

Anbodssamarbeid kan skje innanfor alle bransjar. Like fullt er enkelte bransjar meir utsette enn andre. Kjenneteikn på desse bransjane vil ofte vere:

### **Oversiktleg tal tilbydarar**

Dess færre bedrifter som er aktuelle til anbodet, desto lettare er det å halde «oversikta».

### **Få eller ingen nykomrarar i bransjen**

Ein marknad prega av få nye aktørar, blir i mindre grad utfordra enn marknader som er prega av trusselen om stadig nye aktørar.

### **Stabile leiargrupper**

Anbodssamarbeid blir ofte etablert og halde ved like av enkeltmenneske som sit i leiarposisjonar eller som er ansvarlege for å utforme anbod. Jo tryggare menneska er på kvarandre, desto enklare er det å etablere og halde oppe samarbeidet.

### **Stabile marknadsforhold**

Stabile og føreseielege marknadsforhold aukar risikoien for ulovleg samarbeid.

### **Bransjeforeiningar**

Møte i bransjeforeininga har i mange saker vore åstad for ulovlege samarbeidsavtalar.

### **Gjentakande anbodsinnbyding**

Gjentakande innkjøp, som går til dei same aktørane, gjer anbodsrotasjonen enklare.

### **Like produkt og tenester**

Det er enklare å avtale samarbeid om like produkt og tenester eller produkt og tenester som kan samanliknast direkte.

### **Lite innovasjon**

Lite innovasjon med omsyn til dei etterspurde produkta eller tenestene gjer det også enklare å halde oppe eit samarbeid over tid.



# Ver merksam på faresignal

---

**DU KAN GJERE MYKJE FOR Å FØREBYGGJE  
ANBODSSAMARBEID DERSOM DU ER MERKSAM  
PÅ EIN DEL FARESIGNAL:**

1. Det kjem sjeldan anbod frå bedrifter som det er naturleg å forvente eit anbod frå.  
om anboden til ein konkurrent før anbodsfristen.
2. Unaturleg høg prisstiging på anboda.
3. Vesentleg fall i prisnivået hos etablerte bedrifter ved anbod frå ein ny konkurrent.
4. Same bedrift leverer nesten alltid det beste anboden sjølv om det ikkje er spesielle grunnar til det.
5. Anboda frå konkurrerande bedrifter er nesten identisk bygde opp.
6. Ei bedrift avslører detaljkunnskap  
7. Berre ei bedrift deltek på anbodssynfaringa sjølv om fleire bedrifter leverer anbod.
8. Det er stor prisforskjell og/eller kvalitetsskilnad på det vinnande anboden og dei andre anboda.
9. To eller fleire bedrifter skifter på å gi det beste anboden etter eit fast mønster.
10. Den vinnande bedrifta brukar stort sett konkurrentane sine som underleverandørar.

# Korleis kan du førebyggje anbodssamarbeid?

---

## I TILLEGG TIL FARESIGNALA SOM ER NEMNDE BØR DU VURDERE FØLGJANDE MOMENT:

- Ver oppdatert på prisar og prisutviklinga på viktige kostnadskomponentar i anbodet.
- Ha jamleg kontakt med andre innkjøparar som gjer liknande innkjøp som deg.
- Sørg for at tilbydarane i anbodsprosessen underteknar ei erklæring om at kontakt mellom tilbydarane og eventuelle avvik umiddelbart skal rapporterast til oppdragsgivar. Unngå å utforme anbodsinnbydinga på ein slik måte at den stengjer ute mogelege tilbydarar, som for eksempel nyestablerte bedrifter eller utanlandske aktørar.
- Ved anbodskonkurransar som ikkje er kunngjeringspliktige i Doffin (database for offentlege innkjøp) eller TED (Tenders Electronic Daily) bør du vere uføreseieleg med omsyn til kven du inviterer til å levere inn anbod. Uvisse skaper uro i eit ulovleg samarbeid. Det er vanskelegare å oppretthalde eit ulovleg samarbeid dersom du som innkjøpar bryt innkjøpsmønsteret. Dette kan du gjere gjennom å variere omfanget på kontrakten eller ved å etablere tidvis innkjøpssamarbeid med ein annan offentleg institusjon.
- Dersom det er mogeleg og ikkje for kostnadskrevjande, kan det vere ein fordel å splitte opp anbodet i fleire delkontraktar. Det kan skape interesse frå eit større tal tilbydarar som ikkje har kapasitet til å gi anbod på eit stort samleprosjekt.



- Gjer det vanskeleg for dei aktuelle tilbydarane å kommunisere med kvarandre i løpet av anbodsprosessen. Det kan vere ein fordel å gjere enkeltvise synfaringar dersom det ikkje er for kostnads- og tidkrevjande. Ver nøyne på at alle tilbydarane blir behandla likt og får lik informasjon. Du kan vurdere om tilbydarar skal rapportere all munnleg og skriftleg kommunikasjon dei har hatt med konkurrentar i løpet av anbodsprosessen.
- Ta kontakt med tilbydarar som du hadde forventa eit anbod frå og forhør deg om kvifor dei ikkje er interesserte i å gi anbod.
- Bygg opp erfaring og kompetanse i eigen organisasjon med omsyn til å avdekkje kjenneteikn på anbodssamarbeid.
- Unngå at leverandørar som det kan vere aktuelt å inngå kontrakt med, får delta i utforminga av kravspesifikasjonen.

Ta kontakt med Konkurransetilsynet dersom du har spørsmål eller mistankar om at «det skjer noko». Ikkje diskuter mistankane dine med nokon av dei involverte bedriftene. Ta vare på alt skriftleg materiale og kommunikasjon med dei involverte bedriftene. Du kan tipse oss på tipstelefonen vår 55 59 75 55, eller nytte tipsskjemaet på konkurransetilsynet.no

**DERSOM DU HAR MISTANKE OM EIT  
ANBODSSAMARBEID, VIL VI VERE  
INTERESSERTI SVAR PÅ BLANT ANNA  
FØLGJANDE SPØRSMÅL:**

- Kva for bedrifter er involverte?
- Kva for varer og tenester gjeld det?
- Kva er det som får deg til å mistenkje partane for ulovleg samarbeid?
- Har du skriftlege dokument som stadfestar eller styrkjer mistanken?
- Kjenner du til andre som kan gi oss opplysningar?

Ta også kontakt dersom du har spørsmål i samanheng med ein anbodsprosess eller berre ønskjer råd og informasjon.  
Du når oss på telefon 55 59 75 00.



**KONKURRANSE•  
TILSYNET**  
The Competition Authority